

SFE AS

Småbåthamn Ålfoten

Detaljreguleringsplan - støyvurdering

Oppdragsnr.: 52603617 Dokumentnr.: AKU-01 Revisjon: J01 Dato: 2026-05-06



Småbåthamn Ålfoten

Detaljreguleringsplan - støyvurdering

Oppdragsnr.: 52603617 Dokumentnr.: AKU-01 Revisjon: J01



Oppdragsgjevar: SFE AS
Oppdragsgjevares kontaktperson: Arild Bruland
Rådgjevar: Norconsult Norge AS
Oppdragsleiar: Inge Hommedal
Fagansvarleg: Inge Hommedal
Andre nøkkelpersonar: Ranveig Flatabø

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
J01	2026-05-06	Fagkontrollert, til bruk	Inge Hommedal	Ranveig Flatabø	Inge Hommedal
A02	2026-05-06	Eigenkontrollert, klart til å fagkontrollerast	Inge Hommedal	-	-
A01	2026-05-05	Utkast til faktasjekk hjå repr. for oppdragsgjevar	Inge Hommedal	-	-

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

Norconsult Norge AS har fått i oppdrag av SFE AS å greia ut støy frå ei småbåthamn / liten marina langs fjorden Ålfoten i Bremanger kommune i Vestland fylke. Arbeidet inngår i detaljregulering for tiltaket.

Med føresetnader som opplyste i dette oppdraget er det ikkje venta overskridingar av formelle støygrenser for byggje- og anleggsstøy når småbåthamna vert bygt. Støy frå somme arbeidsoperasjonar kan verka sjenerande.

Kartfesta gytefelt for kysttorsk dekkjer heile Ålfoten. Det kan ikkje bergsprengast i eller nær sjøen i sårbar periode for kysttorsken, som er januar og ut mai måned. Ein bør òg unngå bergboring i sjø (t.d. for å forankra småbåthamna) i den tida på året. Ut over det gjev ikkje undervassstøy miljørisiko i denne saka.

Det er bustadar langs sjøen (Ålfotevegen) og litt lengre opp i lia (Øyrevegen og Øvre Myklebust). Småbåthamner kan gje støy til omgjevnadane frå for t.d. buksering av bil med båthengar, bruk av støyande verktoy, høgtrykkspyling og motordur. I denne saka er det opplyst at båtane er hobbyfiskebåtar, med små/moderate motorar. Vidare er det opplyst at det ikkje skal vera båtopptrekk og tilhøyrande vedlikehald, høgtrykkspyling eller båtpuss.

Med føresetnader som i dette oppdraget er det ikkje venta formelle støykonfliktar i driftsfasen for småbåthamna. Ved eventuelle støyplager kan ein vurdera å påleggja minska fart – det vil vera det viktigaste tiltaket. Det må likevel reknast med høyrbar motordur for dei næraste bustadane. Støyen vil vera kortvarig og sporadisk og sjansen for støyplager er liten. Støy frå småbåthamna er difor ikkje talfesta eller problematisert nærare her.

I driftsfasen er det ikkje venta problematisk undervassstøy frå småbåthamna.

Merknad: Den dominerande undervassstøyen frå området etter bygging av småbåthamna vil sjølvstøtt vera undervassstøy frå båtane tilknytt hamna. Denne støytypen inngår ikkje i vurderingane i rapporten, og med opplyste båttypar og -bruk er det heller ikkje venta at undervassstøy frå båtar vil utgjera noko problem for den marine faunaen.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Føremål	4
1.2	Avgrensingar i oppdraget	4
2	Situasjon og føresetnader	5
2.1	Plassering, osv.	5
2.2	Tiltaket	6
2.3	Byggje- og anleggsoperasjonar	7
3	Støyfaglege omgrep	8
4	Føringar	9
4.1	Nasjonale føringar	9
4.1.1	Plan- og bygningsloven	9
4.1.2	Andre aktuelle lover	10
4.2	Kommunale føringar	11
4.2.1	Kommuneplanen	11
4.2.2	Samfunnsdelen	11
4.3	Det aktuelle detaljreguleringsarbeidet	11
4.4	Vurdering av føringane	12
5	Støy tilknytt småbåthamna	13
5.1	Anleggstida	13
5.1.1	Støy i lufta	13
5.1.2	Undervasstøy	13
5.2	Driftsfasen	13
5.2.1	Støy i lufta	13
5.2.2	Undervasstøy	13
6	Andre støykjelder	14
7	Referansar	15
	Appendiks A	16
A.1	Kvalitetssikring	16
A.2	Gildskap og annan etikk	16

1 Innleiing

Norconsult Norge AS har fått i oppdrag av SFE AS (org. nr. 98488216) å greia ut støy frå ei småbåthamn / liten marina langs fjorden Ålfoten i Bremanger kommune i Vestland fylke. Arbeidet inngår i detaljregulering for tiltaket. Det er Nordplan AS (org. nr. 925768480) som detaljregulerer. Kontaktpersonen hjå Nordplan har vore Siri Gausemel. Me takkar for oppdraget, og vonar rapporten er føremålstenleg.

Reguleringa har nasjonal plan-ID 4648_202503 og vedkjem gnr. 115 bnr. 57, m.fl. i Bremanger kommune.

Framsidedeletet syner delar av Ålfoten. Kjelde: Siri Gausemel i Nordplan.

Sitat er i denne utgreiinga sette innanfor hermeteikn og i [lilla skrift](#).

1.1 Føremål

Denne vurderinga er støyfagleg underlag for akustisk støy i det nemnde reguleringsarbeidet.

1.2 Avgrensingar i oppdraget

Ei ikkje-uttømande liste med avgrensingar i oppdraget bak utgreiinga er:

- Oppdraget er løyst på bakgrunn av tilsendt grunnlagsmateriale.
- Støy frå andre støykjelder i nærleiken er ikkje talfesta eller vurdert nærare.
- Støy i friluftsområde er ikkje vurdert.
- Det er ikkje føreteke støyfagleg synfaring som ein del av oppdraget.

2 Situasjon og føresetnader

2.1 Plassering, osv.

Planområdet ligg i Bremanger kommune ved fjordarmen Ålfoten, ≈ 27 km austetter langs vegen frå Svelgen. Plasseringa er synt i figurane nedanfor.



Figur 1. Plasseringsfigur som syner plasseringa av planområdet i regionen. Kjelde: Norgeskart.no, med egne påteikningar.



Figur 2. Plasseringsfigur som viser plasseringa av planområdet noko meir detaljert. Kjelde: Norgeskart.no, med egne påteikningar. Bygget med adresse Ålfotevegen 34 (teikna i blått innanfor planområdet) er ein butikk. Ålfotevegen 32 er bustad. Nærare informasjon finst i andre dokument i reguleringsarbeidet enn denne støytgreinga.

2.2 Tiltaket

I planinitiativet er tiltaket skildra slik:

«Planlagde tiltak og verknader av planforslaget

Tiltakshavar ønsker å legge til rette for småbåtanlegg med inntil ca. 35 plassar. Det er aktuelt å legge ut flytebrygger, og molo for bølgjevern.

I kommuneplanen sin arealdel er det sett ei avgrensing på 10 båtplassar i området. Bakgrunnen for at ein ynskjer å få til fleire plassar enn dette er m.a. at det er eit kjent behov for fleire båtplassar i Ålfoten.

Kommuneplanen opnar i tillegg for å regulere og utvikle med småbåthamn også ved Sigdestadneset. Dette har det vore arbeid med i 2023/24/25. Det har vist seg at etablering av småbåthamn ved Sigdestadneset er svært utfordrande å få til utan uforholdsmessig store konsekvensar for m.a. landskap og landbruk. Etter god og langvarig dialog med grendalaget i Ålfoten og Bremanger kommune er det også ei felles oppfatning at ein vil oppnå vesentleg fleire fordelar ved å lokalisere aktivitet knytt til båtlivet meir sentralt i bygda. Denne innstillinga står også i lys av sterke offentlege føringar om å bruke effektivt dei areala som allereie er utbygde og som er tilknytt etablert infrastruktur.

Det kan vere aktuelt med noko utfylling i sjøen for å få etablert eit godt landfeste og eventuelt for å få meir areal til parkering. Djupneforholda vil truleg avgrense utfyllingsmoglegheitene mykje.

Utgangspunktet er at alle faste plassar skal vere i privat eige, og primært for bebuarar i området. Det vil vere høve til å legge til på utsida av moloen for gjester. Med utgangpunkt i at båtplassane er tiltenkt bebuarar i området er det lagt til grunn eit parkeringsbehov på 0,2 plassar pr. båtplass, dvs. inntil 7 plassar ved full utbygging av småbåtanlegget. Det er i utgangspunktet aktuelt å legge til rette for parkering både ved butikken, og ved kaiområdet i nord.

Hovudtilkomst er føresett via dagens avkøyning til nærbutikken. I planarbeidet må det gjerast ei vurdering av behovet for tiltak for å styre dei ulike trafikkantane til tydelege soner (tilkomstveg, parkering, gangareal).

Planforslaget skal også vurdere nærare konsekvensane for båtopptrekksplass for naust i sør, og manøvrerings-/parkeringsforhold ved kaiområdet i nord.»

2.3 Byggje- og anleggsoperasjonar

Slik tiltaket er skildra legg me til grunn at byggje- og anleggsarbeidet for å etablere småbåthamna vert lite omfattande, vidare at det kan gjerast med små anleggsmaskiner og arbeidsoperasjonar som støyar lite i luft og i sjø.

3 Støyfaglege omgrep

Desibel

Alle lydnivåa her vert gjevne som tal i desibel (forkorta til dB), og er vekta i forhold til høyreterskelen for eit friskt øyre (A-vekting). I denne rapporten vert omgrepa «lyd» og «støy» brukte om einannan. Støy vert vanlegvis definert som uynskt lyd.

Langtidsmidla lydtrykknivå

L_{den} er årsmidla døgnnivå for lydtrykket, der støybidraga om kveldane (kl. 19-23) er gjevne eit visst straffetillegg og støybidraga om nettene (kl. 23-07) er gjevne eit større straffetillegg. Støyproduksjon om kveldane og nettene vert altså vekta meir enn støy på dagtid før summering og samanlikning med grenseverdi - dette mellom anna for å sikra mot søvnforstyrningar. L_{den} er midla over år og er eit *helsefagleg* omgrep meir enn eit akustikkfagleg omgrep. L_{den} uttrykkjer eit potensiale for skadelege helseeffektar (t.d. søvnforstyrningar, støyplager og hjarte/karsjukdommar) *over lang tid* (månader/år). L_{den} kan vanlegvis *ikkje* lesast av direkte på ein lydmålar.

$L_{p,A,24h}$ er *døgnmidla* støynivå.

Tidsmidla lydtrykknivå i ulike periodar

L_d er tidsmidla lydtrykknivå i dagperioden (kl. 07 – 19), også kalla $L_{p,A,eq12h}$ 07-19.

L_e er tidsmidla lydtrykknivå i kveldsperioden (kl. 19 – 23), også kalla $L_{p,A,eq4h}$ 19-23.

L_n eller L_{night} er tidsmidla lydtrykknivå i nattperioden (kl. 23 – 07), også kalla $L_{p,A,eq8h}$ 23-07.

Maksimalt lydtrykknivå

$L_{p,AF,max}$ er A-vekta maksimalnivå målt eller berekna med tidskonstant på 125 ms.

Lydeffektnivå

L_{WA} er A-vekta lydeffektnivå.

$L_{WAF,max}$ er A-vekta maksimalt lydeffektnivå målt eller rekna ut med tidskonstant på 125 ms.

4 Føringer

4.1 Nasjonale føringer

4.1.1 Plan- og bygningsloven

Gjennom § 11-8 «Hensynssoner» i Plan- og bygningslova skal ein vera sikra at støy er eit tema i kommuneplanen sin arealdel. Ein skal dermed ta omsyn til støy i overordna arealplanlegging og arealbruk.

4.1.1.1 Støy som tema i arealplanlegging og byggesakshandsaming, støyretningslina

I 2005 kom retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442. For fyrste gong vart handsaming av dei vanlegaste støytypane samla. Retningslina gjev m.a. føringer og tilrådde grensene for støy frå skytebanar. Desse føringane skal styra kommunane sitt arbeid med reguleringsføresegner og vilkår i rammeløyve etter Plan- og bygningsloven. T-1442 vart sist oppdatert i juni 2021.

I retningslina er det rådd til at det vert funne to støysoner kring viktige støykjelder: Ei gul vurderingssone og ei raud restriktiv sone. Støysonene skal gje signal til planleggjarar og med det syta for at støykjelda ikkje får støyømfintlege bygningar (bustader, m.m.) tett innpå seg. Støysonekart skal normalt syna støysituasjonen 4 m over lokalt terreng, svarande om lag til 2. etasje i bustader.

T-1442/2021 inneheld *ikkje* føringer for støy frå driftsfasen for småbåthamner.

Retningslina sine *allmenne føringer for støy frå bygge- og anleggsverksemd* (kap. 6) gjeld òg for støy frå slik verksemd ved etablering av småbåthamner. I T-1442/2021 [3] kap.6 er det gjevne tilrådde støygrenser for bygge- og anleggsarbeid. Om støyprognose viser overskriding av desse grenseverdiane skildrar retningslinja ulike tiltak som bør gjennomførast. I vurdering av støy frå bygge- og anleggsarbeid må lengda på anleggsperioden vurderast. Det er viktig at naboane til bygge- og anleggsarbeid får ein føreseieleg støysituasjon der støyntivåa er prognosert på førehand og ein veit når det vert periodar med høgt støyntivå.

Støygrensene for bygge- og anleggsarbeid som varer mindre enn 6 månadar er viste i **Feil! Fann ikkje referansekjelda..**

Tabell 1. Anbefalte grenser for støy frå bygg- og anleggsarbeid. Alle krav gjeld tidsmidla innfallande lydtrykknivå utanfor rom med støyfølsamt bruksføremål.

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld (L_{pAeq4h} 19-23) eller sun- /heilagdag ($L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt (L_{pAeq8h} 23-07)
Bustad, fritidsbustad, sjukehus, pleieinstitusjonar	65 dB	60 dB	45 dB
Skule og barnehage	55 dB i brukstid		

Støyande arbeid bør ikkje gjennomførast om nettene, mellom kl. 23:00 – 07:00.

T-1442 gir tilrådde grenseverdier for støyntivå innandørs, men støyretningslina er tydeleg på at støygrensene utandørs bør leggest til grunn.

Om lyden ved mottakar har tydelege innslag av impulslyd eller reintonar bør støygrensene skjerpast med 5 dB. Eventuell skjerpung gjeld dei driftssituasjonane/dagane der impulslyd og/eller reintonar er tydelege. Eit døme på støykjelder som vert omfamna av ei slik skjerpung er pigging med gravemaskinmontert pigghammar.

Overhalding av tilrådde støygrenser er ingen garanti mot støyplager for alle ettersom oppleving av støy er individuell. Døme: Ved yttergrensa for gul støysone for vegtrafikkstøy er det vanleg å rekna med at ca. 15 % av dei råka personane framleis vil vera sterkt plaga av støy. Dette talet gjeld for bustad-eigedommar (altså uteopphaldsareal og utanfor vindaug til rom med støyømfintleg bruksføremål).

4.1.2 Andre aktuelle lover

4.1.2.1 Lov om rettshøve mellom grannar (grannelova)

Grannelova regulerer rettshøve mellom grannar, og i mindre grad rettshøve mellom føretak og grannar. Delar av lova kan likevel vera relevante, det gjeld særleg §2:

«§ 2.

Ingen må ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på granneeigedom. Inn under ulempe går òg at noko må reknast for farleg.

I avgjerda om noko er urimeleg eller uturvande, skal det leggjast vekt på kva som er teknisk og økonomisk mogeleg å gjera for å hindra eller avgrensa skaden eller ulempe. Det skal jamvel takast omsyn til naturmangfaldet på staden.

I avgjerda om noko er urimeleg, skal det vidare leggjast vekt på om det er venteleg etter tilhøva på staden og om det er verre enn det som plar fylgja av vanlege bruks- eller driftsmåtar på slike stader.

Jamvel om noko er venteleg eller vanleg etter tredje stykket, kan det reknast som urimeleg så langt som det fører til ei monaleg forverring av brukstilhøva som berre eller i særleg grad råkar ein avgrensa krins av personar.»

Merknad/tolking: Lova spesifiserer altså ikkje nøyaktig kva som er ulovleg og ikkje, og gjev stort rom for tolking frå situasjon til situasjon. Like eins kan området ein bur i vera avgjerande for vurderingar etter grannelova. T.d. kan støy frå vegtrafikk og tilknytt verksemd (t.d. bensinstasjonar/vaskehallar) vera rimelege i bymessige strok.

4.1.2.2 Lov om folkehelsearbeid

Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) har ei eige forskrift, kalla «Forskrift om miljørettet helsevern». Forskrifta inneheld overordna føringar, t.d. i § 7 «Overordnet krav

Virksomheter og eiendommer skal planlegges, bygges, tilrettelegges, drives og avvikles på en helsemessig tilfredsstillende måte, slik at de ikke medfører fare for helseskade eller helsemessig ulempe.

Med helsemessig ulempe menes forhold som etter en helsefaglig vurdering kan påvirke helsen negativt og som ikke er helt uvesentlig.

Når det er grunn til å anta at planlagte eller eksisterende virksomheter og eiendommer kan medføre fare for helseskade eller helsemessig ulempe, skal den ansvarlige for virksomheten utføre de beskyttelsestiltak og ta de forholdsregler som ellers er nødvendige for å forebygge, hindre eller motvirke at slik virkning oppstår.»

Forskrifta har òg eigne føringar for støy, i § 9 «Helsemessige ulemper som virksomhet eller eiendom påfører omgivelsene.

Virksomheter og eiendommer skal planlegges, drives og avvikles, slik at følgende krav til miljøfaktorer overholdes når det gjelder den belastning omgivelsene påføres:

a. Ved etablering og bruk av støykilder skal det tilstrebes lavest mulig støynivå. Støy og vibrasjoner skal ikke medføre helsemessig ulempe eller overskride helsemessig forsvarlig nivå.»

Merknad: Helsestyresmaktene, t.d. kommunale helsevernetatar / miljøretta helsevern kan fatta bindande pålegg heimla i denne lova.

Eiga vurdering/tolking: Forskrifta er meint som vern mot akutte situasjonar med høg støy, som ikkje har vorte fanga opp i ordinær sakshandsaming etter plan- og bygningsloven.

4.2 Kommunale føringar

4.2.1 Kommuneplanen

4.2.2 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld åra 2021-2033, og vart vedteken 17. oktober 2021. Samfunnsdelen har ingen føringar om støy som er relevante for *denne* saka.

4.2.2.1 Arealdelen

Den eksisterande kommuneplanen for Bremanger gjeld for åra 2024-2036. Føresegnene til arealdelen av planen vart vedtekne 10. oktober 2024. Støy er omtala fleire stader i føresegnene, m.a. her:

«1.11 Ureining

Ulemper som følgje av støy, støv, lys og anna ureining på og i grunnen, skal utgreiast ved nye tiltak. Der slik ureining kan førekomme, må tiltakshavar gjere avbøtande tiltak med sikte på å unngå ulemper.

Retningsliner for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) gjeld for alle byggje- og anleggstiltak, inkludert utbygging etter gjeldande reguleringsplanar. Ved byggjesøknad skal det dokumenterast at tiltaket er innanfor støygrensene i pkt. 2.2, tabell 2, i retningslinene (T-1442/2021).

Ved planlegging for etablering av støyande verksemder eller støyfølsame tiltak, skal det utarbeidast ei støyfagleg utgreiing som dokumenterer at krav til maks innan- og utandørs støy vert nådd. ...»

Småbåthamn ved Ålfoten nærbutikk er nemnd i arealdelen som eit område med krav om reguleringsplan. Sjå arealdelen til kommuneplanen for fleire opplysningar.

4.3 Det aktuelle detaljreguleringsarbeidet

Det aktuelle detaljreguleringsarbeidet er omtala i andre dokument i reguleringsarbeidet.

4.4 Vurdering av føringane

Me legg til grunn plan- og bygningsloven og dermed støyretningslina T-1442/2021 i denne saka. Støyretningslina er ikkje juridisk bindande, men so vidt kjent gjev ikkje dei kommunale føringane i Bremanger relevante tilleggsmoment eller juridiske bindingar.

Merknad: I reguleringsplanar må føringane konkretiserast (t.d. ved grenseverdiar for støy), sidan reguleringplanar er juridisk bindande.

5 Støy tilknytt småbåthamna

5.1 Anleggstida

5.1.1 Støy i lufta

Med føresetnader som opplyste i dette oppdraget er det ikkje venta overskridingar av formelle støygrenser for byggje- og anleggsstøy når småbåthamna vert bygt. Støy frå somme arbeidsoperasjonar kan verka sjenerande, men har neppe potensiale til å gje overskridingar av formelle støygrenser.

5.1.2 Undervassstøy

Kartfesta gytefelt for kysttorsk dekkjer heile Ålfoten. Det kan ikkje bergsprengast i eller nær sjøen i sårbar periode for kysttorsken, som er januar og ut mai måned. Ein bør òg unngå bergboring i sjø (t.d. for å forankra småbåthamna) i den tida på året. Andre artar og populasjonar av marin fauna enn kysttorsken er mindre sårbare, og det trengst ikkje aktivitetsavgrensingar for deira del.

5.2 Driftsfasen

5.2.1 Støy i lufta

Det er bustadar langs sjøen (Ålfotevegen) og litt lengre opp i lia (Øyrevegen og Øvre Myklebust). Småbåthamner kan gje støy til omgjevnadane frå for eksempel buksering av bil med båthengar, bruk av støyande verkøy, høgtrykkspyling og motordur. I denne saka er det opplyst at båtane er hobbyfiskebåtar, med små/moderate motorar. Vidare er det opplyst at det ikkje skal vera båtopptrekk og tilhøyrande vedlikehald, høgtrykkspyling eller båtpuss.

Støy frå småbåtar er ikkje direkte regulert her i landet, og ein må ofte tolka ulike lover, forskrifter og offentleg rettleiingsmateriell for å kunne vurdere slik støy innanfor eit rammeverk.

Med føresetnader som i dette oppdraget er det ikkje venta formelle støykonfliktar i driftsfasen for småbåthamna. Høgt motorpådrag frå eventuelle større fritidsbåtar som brukar området kan gje ganske høg lydeffekt, med potensiale for kortvarig støyplage. Mindre fritidsbåtar støyar monaleg mindre. Ved eventuelle støyplager kan ein vurdere å påleggja minska fart – det vil vera det viktigaste tiltaket. Det må likevel reknast med høyrbar motordur for dei næraste bustadane. Støyen vil vera kortvarig og sporadisk og sjansen for støyplager er liten. Støy frå småbåthamna er difor ikkje talfesta eller problematisert nærare her.

5.2.2 Undervassstøy

I driftsfasen er det ikkje venta problematisk undervassstøy frå småbåthamna. Om det vert brukt kjettingar for å fortøya småbåthamna vil det i den fyrste tida koma noko undervassstøy frå rørsler i kjettingane. Med tida vil groing på kjettingar i sjø utgjera viskøs demping slik at undervassstøyen vert svært låg. I driftstida vil det òg vera svak undervassstøy frå skvalping, osv. av einskildelar av småbåthamnar, men denne støyen vil ikkje utgjera noko problem for den marine faunaen.

Merknad: Den dominerande undervassstøyen frå området etter bygging av småbåthamna vil sjølvstøtt vera undervassstøy frå båtane tilknytt hamna. Denne støytypen inngår ikkje i vurderingane i rapporten, og med opplyste båttypar og -bruk er det heller ikkje venta at undervassstøy frå båtar vil utgjera noko problem for den marine faunaen.

6 Andre støykilder

Støy frå t.d. køyretøytrafikk langs Ålfotevegen og andre vegar i området er ikkje vurdert i dette oppdraget. Ålfotevegen er ein kommunal lokalveg og ikkje støykartlagt med kunningjering i dei vanlege datakjeldene for samferdslestøy.

Til rein informasjon syner Vegvesenet sitt støyvarselkart denne situasjonen i området:



Figur 3. Støyvarselkart for Europa-, riks- og fylkesvegar. Kjelde: Statens vegvesen, via Norconsult si GIS-innsiktsløyising.

7 Referansar

Klima- og miljødepartementet. (2021, Juni 11). Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021). Oslo: Klima- og miljødepartementet.

Appendiks A

A.1 Kvalitetssikring

Norconsult Norge AS arbeider og er sertifiserte etter m.a. NS-EN ISO 9001:2015 «Ledelsessystemer for kvalitet».

A.2 Gildskap og annan etikk

So vidt oppdragsleiaren i Norconsult for dette oppdraget kjenner til finst det ingen uavklarte saker/tema der gildskapen til Norconsult eller dei einskilde oppdragsmedarbeidarane kan trekkjast i tvil. Slike saker/tema kunne t.d. ha vore personlege eller økonomiske band mellom eigarar av objekt omhandla i dette oppdraget og oppdragsmedarbeidarar i Norconsult.

Oppdragsmedarbeidarane i Norconsult bur og arbeider på stader utanfor Bremanger kommune.

Det er soleis ikkje kjent eller avdekka tilhøve som skal kunne påverka gildskapen monaleg til Norconsult i denne saka. Eventuelle innvendingar mot dette skal, for å sikra uhilda handsaming, rettast beinveges til konsernet si sams e-adresse for slik varsling, Norconsult Speak Up, sjå:

<https://eu.deloitte-halo.com/whistleblower/website/norconsult?Pg=makereport&Lang=nb-NO>

Eventuelle innvendingar skal altso *ikkje* rettast til einskilde oppdragsmedarbeidarar i Norconsult.